

Til kommunar, kommunehelsetenester  
og den det måtte vedkome

## Informasjon om jevnlig cov-19 testing av elevar i vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune i samarbeid med Helse Vest.

Dette er ein kort informasjon om erfaringane som er gjort av jevnlig cov-19 testing av elevar i vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. I tillegg peikar skrivet på vurderingar kring dei val som er gjort, og tilrådingar i det vidare arbeidet. Alle dokument som er utarbeidd og blir nytta i gjennomføringa ligg opent tilgjengeleg [her](#).

### Bakgrunn og målsetting for tiltaket

Forskrift om mellom anna smitteverntiltak ved koronautbrotet (Covid-19 forskrifta) blei kunngjort 27. mars 2020, og blir kontinuerleg endra og oppdatert. Eitt av tiltaka som forskrifta regulerer er stenging av vidaregåande skular for undervisning med fysisk oppmøte. Nasjonalt og i Vestland fylkeskommune er det svært viktig å ivareta fysisk undervisning i størst mogleg grad. Massetesting vil vere eit tiltak som bidreg til dette.

### Dei to hovudmålsetjingane for tiltaket er

1. å etablere ei ordning som kan gi vidaregåande skular unntak frå midlertidige forskriftsendringar i covid-19 forskrifta, som elles ville ha ført til stenging for fysisk oppmøte av elevar
2. bidra til å senke Reproduksjonstalet under pandemien.

Tiltaket fekk støtte frå FHI, blant anna blei dette publisert 17.03.2021:

På skoler som drives på rødt nivå mens det er høyt smittetrykk i samfunnet rundt, vil jevnlig testing sannsynligvis være et bedre tiltak for å redusere smittespredning enn å stenge ned. ([Jevnlig testing - FHI](#))

Jevnlig testing er òg oppført som tiltak under høgt smittetrykk i den oppdaterte smittevernrettleiaren for vidaregåande skule gjeldande frå 12.04.2021.

I tillegg til best mogleg kvalitet i undervisninga er det viktig å ta omsyn til psykisk helse og behovet for sosiale møtearenaer. Innanfor helsetenestene har det frå og med oktober 2020 vore ein markert auke i tilvisingar frå barn og unge, med eit stadig alvorlegare sjukdomsbilde innan psykisk helse. Heilt sidan grunnskular, vidaregåande skular, høgskular og universitet enten stengte heilt eller gjekk over til nettbasert undervisning har det vore aukande bekymring for barn og unge si psykiske helse. I tillegg til stenging av dei sosiale møtearenaene knytt til skulen, har svært mange sosiale møtearenaer basert på frivillig innsats også vore lite tilgjengelege. Jevnlig testing vil bidra til å stabilisere aktiviteten i skular og utdanningsinstitusjonar og styrke den nasjonale 'TISK' strategien. Tiltaket vil bidra til å auke tilgangen til sosiale møtearenaer under profesjonelt tilsyn. Helse Vest har på bakgrunn av dette tatt eit initiativ for å realisere jevnlig testing.

### Aktørar som bør være involvert

Tiltaket vart starta ved at Helse Vest tok kontakt med Statsforvaltaren, både Helseavdelinga og Utdanningsavdelinga. Begge einingane var positive til initiativet. Neste aktør som blei involvert var

Vestland Fylkeskommune, avdeling for Opplæring og kompetanse. Deretter blei Bergen kommune og Helse Bergen kontakta. Askøy kommune v/kommunelegen viste interesse for å delta, og Askøy vidaregåande skole blei med som ein av to pilotskular saman med Fyllingsdalen vidaregåande skule. Alle aktørane var positive til tiltaket.

Erfaringar frå testpiloten tyder allereie på at det er dei nemnde aktørane som bør vere informert og involvert i tiltaket. Dette på bakgrunn av at

- Statsforvaltaren har eit beredskapsansvar overfor kommunane, og er eit bindeledd mellom statleg og kommunalt nivå i beredskapsarbeid (som inkluderer smittevernarbeid under ein pandemi).
- Fylkeskommunen eig og driv dei vidaregåande skulane. Fylkeskommunen leiar styringsgruppa for piloten, og kan vere ein naturleg leiar av ei styringsgruppe i ein driftsfase.
- Den eller dei kommunane der skular skal drive jevnlig testing må vere involverte i handteringa av positive antigen hurtigtestar, og det er ein stor fordel om helsepersonell frå kommunen der den vidaregåande skulen er lokalisert står for den innleiande opplæringa.
- Det er kommunane som er sentrale i vurderinga av smittesituasjon og tiltak og kan gi unntak frå forskrifta lokalt.
- Skulane og dei lokale kommunale testasjonane må lage avtaler slik at elevar eller tilsette som testar positivt på antigen hurtigtest utan opphald tar vanleg pcr-test ved lokal teststasjon.
- Helseføretaket bidreg med antigen hurtigtestar, og smittevernutstyr til skulane.

### Praktisk gjennomføring

Ved iverksetting av tiltaket tyder erfaringane frå piloten på at følgande handlingsrekkefølge er tenleg:

- Sikre oversikt over tal elevar og tilsette ved alle aktuelle skular, leveringsadresse for utstyr, kontaktperson for mottak av utstyr
  - Sikre at det er helsepersonell som kan gjennomføre opplæring av elevar og tilsette. Dette gjeld innleiingsvis i oppstarten Så langt tyder erfaringane frå piloten på at helsepersonell med fordel kan lære opp tilsette gjennom felles undervisningsøkt, og bidra under dei to første gjennomføringane der elevane gjennomfører testing.
- Denne nettsida med dokument for m.a. sjølv gjennomføringa i klassane, informasjonsskriv, rapportering gir nærmare innsikt i den praktiske gjennomføringa:

### [Statusrapport for pilotprosjekt om hurtigtesting for covid-19 hos elevar - Vestland fylkeskommune](#)

#### Val av type antigen hurtigtest

Helse Vest tilrår bruk av Abbot Panbio hurtigtestar, helst med pensel / pinne til fremre neseprøve. Sjølvtesting under rettleiing er uansett en 'off-label' aktivitet, man kan bestille kit med pinne til fremre neseprøve, ein kan legge til ein pensel til fremre neseprøve og hive den penselen / pinnen som er i originalt kit, eller ein kan gjennomføre sjølvtestinga med pensel / pinne til nasopharynx (som det er gjort i piloten med godt resultat).

Skulane rapporterer at det tar tid å fylle reagensglasa med korrekt volum før gjennomføring av testing med Abbot Panbio kit, dette er ikkje naudsynt i Roche sine antigen hurtigtest kit. På den andre sida er ikkje Roche sine hurtigtest kit lukka system, pensel / pinne må kastast separat. Dermed må avfall etter testingen handterast som spesialavfall. Ulempene ved dette er vurdert til å være større enn ulempene ved å fylle korrekt volum reagens i Abbot Panbio reagensglassene.

Helse Vest ser det som mest hensiktsmessig å nytte Abbot Panbio til slik testing. All den tid det også finnest eit stort tal antigen hurtigtestar frå Abbot i Norge, er det eit fortrinn å ta dei i bruk snarleg.

#### Verdi av jevnlig hurtigtesting og kvalitet på testane

- Det er ein pilot og gjennomførast utan omsyn til smittetrykket. Det er godt beredskapsarbeid å ta opplæring og øving når det er ein avklart situasjon.
- Testen sin sensitivitet er tilfredsstillande for å identifisere smitteførande personer (om lag 90%)
- Testanes presisjon (spesifisitet) er svært høg, om lag 99,9 %. Talet falske positive vil altså være lavt
- Elevar og tilsette vert testa jevnlig (to gonger i veka), det betyr at om ein smitta person ikkje vert oppdaga dag 1 kan vedkommande oppdagast på neste test
- Alle på skulane testast jevnlig, det betyr at om ein smitta person i gruppa ikkje vert oppdaga kan ein anna i same gruppe bli det. Gruppa vil uansett gå i karantene.
- I følgje FHI vil sjansen for eit stort utbrot på ein skole falle frå om lag 30% til om lag 2 % ved jevnlig testing, dersom førekomsten av smitte i befolkninga er 1%

#### Dokumentasjon, journalføring, personvern

Det er lagt opp til ei svært enkel ordning for rapportering frå skulane, tal testar som er gjennomført, tal positive testar, og tal positive testar som er bekrefta positive gjennom pcr test.

Den eller dei som testar positivt på antigen hurtigtest må ta ny test til pcr analyse ved kommunal teststasjon. Gjennom dette vil nødvendig dokumentasjon i journal og MSIS bli utført.

I ein klassesituasjon blir omsynet til personvern løyst ved at testkit vert lagt i konvolutt med namnet til eleven på, og klokkeslett for test start. Helsepersonell eller tilsette ved skulen les av testresultata. Ved ein eller fleire positive testar vert undervisninga avslutta, og elevane tas ut av klassen ein og ein, og får med informasjon om dei har avlagt positiv prøve, eller skal i karantene/heimeundervisning.

#### Utviding av piloten

I pilot perioden fram til og med veke 21 vil fylkeskommunen utvide piloten til å gjelde alle skulane i fylket. Målet med dette er å sette alle skulane istand til å gjennomføre jevnlig testing dersom smittetrykket lokalt aukar vesentleg eller det er ein utbrotsituasjon. Utvidinga av piloten er i full gang. Etter pilotperioden vert testnivå i samsvar med tilrådd forskrift, og nivå vert justert etter smittesituasjonen.

Med helsing

**Bjørn Lyngedal**

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*